

ÅRSMELDING FOR MELAND KYRKJELYD 2015



Innhald

Innleiing og visjon	3
Soknerådet	3
<i>Medlemer i rådet</i>	3
<i>Møter og sakshandsaming</i>	4
<i>Faste underutval:</i>	4
<i>Soknerådet har i tillegg desse nemndene:</i>	4
<i>Dei viktigaste saksområda i soknerådet i 2015</i>	4
Tilsette og stillinger	5
<i>Administrasjon og kontor</i>	6
<i>Nye Møteplassen</i>	6
Økonomi	7
<i>Hovudinntektspostar:</i>	7
<i>Kyrkjebrygg</i>	7
<i>Kyrkjegarden</i>	8
Gudstenesta og kyrklelege handlingar	10
<i>Gudstenestetal og oppmøte dei siste åra:</i>	10
<i>Arbeidet med gudstenesta</i>	11
<i>Søndagsskulen/Løvegjengen</i>	11
Trusopplæring	14
<i>Barn</i>	14
<i>Ungdom</i>	17
Anna kyrkjelydsarbeid	18
<i>Misjon</i>	18
<i>Diakoni</i>	18
<i>Husgruppearbeid</i>	19
<i>Bibeltimar/kyrkjeskule</i>	19
<i>Seniors</i>	20
<i>Musikklivet i kyrkjelyden</i>	22
<i>Informasjonsarbeid</i>	23
<i>Gjevartenesta</i>	23
<i>Samarbeid</i>	23
Takk!	24

Innleiing og visjon

Meland kyrkje og kyrkjelyden er viktig for folk i kommunen, ikkje berre i faser i livet ved dåp, konfirmasjon, vigslle og gravferd, men også ved kontaktpunkt som den lokale kyrkja har med folk gjennom året. I 2015 vart visjonen endå klårare - Nær Gud, Nær menneske – ved ferdigstilling av Møteplassen og igangsetjing av arbeidet der. Vonar 2016 vert eit innhaldsrikt og spanande år, der vi fortset med å arbeide med å kome nærrare Gud og menneske i kommunen vår.

Soknerådet

Medlemer i rådet

Det avtroppende soknerådet hadde 10 valde medlemer pluss sokneprest. 1. varamann møter fast på møta. I løpet av denne soknerådsperioden hadde tre medlemmer av ulike grunnar fått permisjon.

Meland sokneråd har i 2015 vore samansett av følgjande faste medlemer:

- Kari Erikstein (leiar)
- Øystein Sulebakk (nestleiar)
- Veronika Husebø
- Øystein Berland Blom
- Sigmund Larsen
- Linda Johanne Ulvedal Abrahamsen
- Frode Berven
- Johannes Monstad
- Berit Nøst Dale
- Ingunn Reigstad

Kommunen sin representant deltek i handsaming av fellesrådsaker. Nils Marton Aadland har vore kommunal representant og Sølvi Gripsgård Knudsen vararepresentant.

På soknemøtet i april vart det vedteke å redusere storleiken på soknerådet til 6 faste medlemmer. I september var det val på nytt sokneråd, samtidig som det var val til bispedømeråd (og kyrkjemøte).

Følgjande personar vart valt inn i det nye soknerådet:

- Regine Sagstad Berg (leiar)
- Ingunn Reigstad (nestleiar)
- Andreas Westermoen
- Brigt Roar Skeie
- Andreas Sagstad Berg
- Bent Gunnar Næss

Vara:

- Per Audun Heskestad
- Synnøve Kårstad Ryland
- Anne Kjersti Tveiten Erikstein
- Aslaug Cecilie Sæle Miljeteig
- Torbjørn Bøen.

Det nye soknerådet konstituerte seg 20.10.15, same kveld som siste møtet for det avtroppende soknerådet. Regine Sagstad Berg vart vald som leiar. Sølvi Gripsgård Knudsen vart kommunen sin representant og deltek i handsaming av fellesrådsaker.

Møter og sakshandsaming

Soknerådet har hatt 9 møte og handsama 18 soknerådssaker og 21 fellesrådssaker i 2015. Berre vedtak-saker vert rekna med i talet på saker. For å samla både sokneråd og stab, vart det arrangert ein strategidag i februar.

Årsmøte/soknemøte var 26. april etter ei gudsteneste i kyrkja.

Faste underutval:

- Administrasjonsutval/forhandlingsutval
- Arbeidsutval; som er samansett av leiar, nestleiar, sokneprest og kyrkjeverje. AU førebur i hovudsak soknerådsmøtene
- Strategiutval; som er sokneprest, kyrkjeverje, soknerådsleiar og medlemer oppnemnte av soknerådet
- Barne- og ungdomsutval

Soknerådet har i tillegg desse nemndene:

- Kyrkjeutval (for planlegging av kyrkje på Frekhaug)
- Gjevartenestekomite
- Misjonsutval
- Musikkutval som kom i gang hausten 2015

I tillegg kjem tidsavgrensa utval og komitear for arrangement, utredningar m.m.

Dei viktigaste saksområda i soknerådet i 2015

- Ombygging/dugnad på Møteplassen og igangsetjing av arbeidet der.

- Trusopplæringsplanen
- Kyrkjevalet
- Arbeid med strategiplan
- Arbeid med planer for ny kyrkje
- Førebuande arbeid til kyrkjejubileet 2016.

Tilsette og stillingar

Vi er takknemlige for å ha en flott stab. Følgjande har vore tilsett i 2015:

- Sokneprest: Torbjørn Aamli, 100 % stilling
Har bispedømmerådet som arbeidsgjevar
- Undervisningsprest: Steinar Sneås Skauge, 100% stilling
- Kyrkjeverje: Anne Sofie N. Uthaug , 100% stilling
- Kyrkjelydsmusikar: Trond Fykse, 100% stilling
- Kyrkjetenar: Junji Furukawa, 50% stilling
- Konsulent: Linda Gripsgård Lunga, 60% stilling.
- I mars-november hadde ho i tillegg ei 20% prosjektstilling for kyrkjegardsadministrativt arbeid.
- Ungdomsarbeider: Ruben Sæle, 80% stilling
- Barnemedarbeidar: Anne Marit Fosse Dahle, 20%stilling

Anne Marit var i permisjon fram til 1.juni og då vikarierte Aslaug Miljeteig.

Bjørn Moe vart tilsett som seniorprest i 50 % stilling frå 1. september med Bjørgvin bispedømme som arbeidsgjevar. Han har også 50% stilling i Ostereidet kyrkjelyd, og ordninga er mellombels.

Steinar Sneås Skauge hadde permisjon for å vikariere som vikar i Skjold menighet frå 1.september og ut året. I same periode vikarierte Anne Marit Fosse Dahle i trusopplæringsfunksjonane med konfirmantar og andre trusopplæringstiltak i 70 %.

Andreas Westermoen, Ottar Mæstad og Arvid Sakseide har vore dei hyppigaste vikarane for kyrkjelydsmusikaren. Linda Gripsgård Lunga vikarierte flest gonger for kyrkjetenar.

Rekneskapsførar:

Johannes Monstad slutta av som rekneskapsførar, medan Akasia rekneskap AS tok over rekneskapsføringa frå september.

Administrasjon og kontor

Kontoret har no hatt sitt første år i Frekhaug torg. Staben er godt nøgde med dei nye kontora, og når Møteplassen vart teke i bruk frå hausten, merka vi dei gode samverknadane med å vere lokalisert på same plass.

Soknerådet var medlem i stiftinga Nordgardsløa. Dette samarbeidet har fungert godt. Våren 2015 heldt småbarnstreff/babysang, Open Møteplass, soknerådsmøtene, Octaviaøvingane og Møteplassen Ungdom til i Nordgardsløa. Hausten 2015 brukte Møteplassen ungdom og Octavia lokala fast, elles var det mogleg å bruke lokala til "lause arrangement" utan ekstra kostnad.

Nye Møteplassen

Dugnaden for å bygge om lokala ved sida av kyrkjekontoret frå seks kontor og to toalett til eit lokale med kjøkken, stillerom og eit toalett med stelleplass, starta desember 2014 og var ferdig i september 2015. Det var svært mange dugnadstimar lagt ned av om lag 60 ulike personar, ein fantastisk innsats av folk i alle aldrar. Hovudtyngda av dugnadsfolket var pensjonistar, med dugnadsleiar Ingvard Hageberg i spissen i den lengste perioden. I innspurten fungerte kyrkjeleverja som dugnadsleiar. Ombygginga krov mykje handverksarbeid sidan både ventilasjon, sprinklaranlegg, det elektriske anlegget og røyropplegget måtte byggast om. Oppsettinga av kjøkenet og noko anna snekkararbeid krov også innhenting av fagfolk. Dette var kostnadsdrivande og prosjektet vart dyrare enn budsjettet med.

Men resultatet er svært bra, og det er gledeleg å merke den solide auken i frammøtet til aktivitetane. Det står framleis igjen litt ferdiggjering, og det er behov for noko innkjøp før lokale er klart også til utleige til private selskap mm.



Bilde 1 - Dugnadsgjeng på Møteplassen

Økonomi

Hovudutgiftspostar: Kyrkjeleg administrasjon, løns- og personalutgifter for kyrkjeleg tilsette, drift og vedlikehald av kyrkje og kyrkjegard og utgifter til den kyrkjelege verksemda, er dei største utgiftspostane.

Hovudinntektspostar:

Tilskot frå Meland kommune, trusopplæringstilskot og innsamla midlar i kyrkjelyden er dei største inntektspostane. Kommunalt tilskot var på kr. 3 386 700. Det inneheld eit ekstratilskot på 81700 på grunn av leigekostnadane på dei nye kontora i nov-des. 2014. Driftstilskotet var på 3 305 000.

Offerinntektene til kyrkjelydsarbeidet var kr. 127 723 som var omrent det same som i 2014, og offer til andre (inkluderer frå 2015 også offer til misjonsprosjektet) var kr. 195 910, som er ein liten oppgang frå året før. I tillegg kom det inn 19 390 i øyremerka kollekt (til orgelvedlikehald) på konserten som Arvid Sakseide skipa til i samanheng med 150 årsjubileet for orgelet og 70 årsdagen sin. Vi hadde i 2015 ein fin auke i gjevartenesta frå 296 070 i 2014 til 323 350

Rekneskapen for 2015 viser eit positivt resultat på kr. 438 345

Kyrkjebygg

Kyrkja er i bruk til gudstenester, andre kyrkjelege handlingar, konserter og trusopplæring. Soknerådet har fatta vedtak og satt av pengar på budsjett for 2015 for andre år på rad til nytt lydanlegg i kyrkja. Dette har ikkje blitt utført, vi ventar framleis på svar på klagen på vedtaket frå biskopen. Fast dekke med skifer ved rullestolinngangen vart gjort ferdig sommaren 2015. Trivselskomiteen sponsa store deler av kostnadane. Men sidan nokre meter av den gamle muren ramla saman under anleggsarbeidet, og måtte reparerast av tørrmururar auka kostnadane mykje – utover budsjett. Når skiferlegginga var ferdig kunne også det nye flomlysanlegget gjerast heilt ferdig. Kyrkestova har behov for vedlikehald på tak og vindauge. Det vart dessverre ikkje gjort i 2015, grunna mangel på kapasitet.

Det er eit stort behov for ei ny kyrkje/kyrkjelydshus til den kyrkjelege verksemda, ikkje minst ulike trusopplæringsaktivitetar og relasjonsbyggjande tiltak. Vi ser ei stor auke av innflyttarar i Frekhaugkrinsen, og har eit stort ønskje om å nå ut til fleire av dei med vårt arbeid. Mangelen på ei arbeidskyrkje sentralt plassert er tydeleg. Det er avsett eit område for kyrkje/kulturhus på områdeplanen for Frekhaug. Dette er den tomta som soknerådet tidlegare har tilrådd. Meland kommune hadde budsjettet med 3,5 mill. til

tomtekjøp i 2015, men trakk det ut då skuleutbyggingar vart dyrare enn forventa. Tomta kom inn att på budsjettet for 2016.

Kyrkjeutvalet arbeidde jamt og trutt med planar for ny kyrkje på Frekhaug i heile 2015.

Kyrkjegarden


Det daglege arbeidet på kyrkjegarden vert utført av drifts- og vedlikehaldsavdelinga til Meland kommune. Dette har i mange år vore eit godt samarbeid, og har også i 2015 fungert godt. Kyrkjegarden står fram som eit vakkert og velstelt område, og vi meiner både personalet sin innsats og fysiske rammer gir moglegheit for verdig avskil med dei døde.

Det er viktig å vere årvaken med tanke på at det til ei kvar tid er nok plass på kyrkjegarden. Eit krav i gravferdslova er at det skal vere plass til minst 3 % av folkesetnaden i kommunen. Med tanke på den sterke folkeauken i Meland, må vi hjå oss vere endå meir føre var.


Det vart utført 50 gravleggingar på Meland kyrkjegard i 2015. Av desse var 9 urnenedsetjingar. Av registrerte ledige graver er det no 383. 188 av desse er på felt A, som treng eit anleggssarbeid for å kunne takast i bruk til nye graver. Det er også mange graver som er registrert som ledige som faktisk ikkje kan brukast på nytt fordi gravfeltet ikkje egnar seg. Arbeidet med å rydde opp i gravregisteret og på gravfeltet fekk eit stort løft fordi det vart gjort eit prosjektarbeid i 2015. 108 graver vart frigjort og fleire vil bli frigjort i 2016. Målet er at talet på ledige graver registrert på data på sikt skal vere heilt korrekt i forhold til gravfeltet, og vi er mykje nærrare det målet no enn i fjar.

Det er 16 ledige urnegraver, noko som kan virke knapt, men vi har nokre små ubrukte felt som med liten innsats kan gjerast om til urnefelt. Problemet er meir krevjande med tanke på ledige kistegraver. Planarbeidet for ny kyrkjegardsutviding er tenkt igangsett i 2016, i nært samarbeid med kommunen.

På Eikeland kyrkjegard som vart utbetra med nytt gjerde i 2015, arrangerte soknerådet ei markering juni 2015, 70 år etter freding i 1945. Det vart sett ned ein minnestein med informasjon om bakgrunnen for denne kyrkjegarden. Denne var eit samarbeidsprosjekt med Askøy kyrkjelege fellesråd. Friluftsgudstenesta og minnemarkeringa hadde svært godt frammøte.



Bilde 2 - Eikeland



Bilde 3 - Minnestein

Gudstenesta og kyrkjelege handlingar

Gudstenestetal og oppmøte dei siste åra:

År	Tal på gudst. Sundag og Heilag dagar	Frammøtte gudst. Sundag og Heilagdg..	Snitt fram- møtte Søn- h.dag	Totalt tal gudst. I Meland	Samla tal fram- møtte Alle gudst.	Gj.sn. Oppmøte Alle gudst.	Tal til Nattv. totalt	Tal på g.t. m Nv.	Snitt Nv delt. Pr Nv.Gt
2005	68	9941	146	115	14397	125	5168	62	83
2006	66	8851	134	95	12212	128	4882	61	80
2007	62	7969	128	98	12743	130	4569	53	86
2008	63	8416	134	92	12543	136	3921	54	73
2009	58	7002	121	90	11596	129	3967	51	78
2010	65	7578	117	98	10748	110	3237	50	67
2011	68	8098	119	89	10418	117	2560	41	62
2012	69	8264	120	86	10982	128	2697	46	58
2013	54*	6818	126	72	9648	134	2541	38	67
2014	62	7985	129	81	10948	135	2994	46	65
2015	63	8138	129	82	11085	135	2618	39	67

Tabellen syner utviklinga i gudsteneste- og nattverddeltaking i Meland dei siste 11 åra. Talet merka med * skal eigentleg vere 58, skulda feilregistrering i Labora Gudsteneste.

Klisjeen om «eit jamt godt år» kan godt vere dekkande for Meland. Talet på gudstenester er om lag det same som året før (63 på søn- og heilage dagar, noko som og dette året gir eit snitt på 129 per gudsteneste). Medrekna «andre gudstenester» blir det totalt 82, og samla tal på deltakarar er 11085, drygt ein prosent høgare enn i 2014. Faktorar som spelar inn for dei små variasjonane, kan vere talet på konfirmantar, sidan dei har nokre obligatoriske gudstenester. Konklusjonen er at tala er stabile etter 2010, dvs. etter presteskifte og etableringa av Frekhaug Indremisjon som eigen forsamling i 2009.

Talet på gudstenester med nattverd, og dermed det totale tale på nattverdgjester har gått litt ned – til 2013 nivå, etter ei lita auke i 2014. Faktorar som spelar inn, er dels eit par fleire gudstenester med trusopplæring utan nattverd, og dels eit par gudstenester med så mange dåp at vi let vere å ha nattverd. Ein grunn til at talet nattverdgudstenester var høgare før 2013, var ungdomsgudstenester med nattverd.

«Andre gudstenester» er skulegudstenester, konfirmasjonar på laurdagar, dåps-gudstenester og eldregudstenester. Inkludert mellom desse var gudstenester som vart halde på annan stad enn i kyrkja: ein på Håøy, ein på Nhl. Folkehøgskule, ein på Holmeknappen. 4 av gudstenestene var på Meland sjukeheim.

Arbeidet med gudstenesta

Mange frivillige tek ansvar for gudstenesta ved å ta del i ulike oppgåver. Hausten 2010 vart det danna gudstenestelag i kyrkjelyden, noko som det har vorte arbeida med å vidareutvikle og utvide. Vi hadde i 2015 fem gudstenestelag. Laga har på omgang ansvar for førebuing og gjennomføring av gudstenestene i lag med prest og organist / kyrkjelydsmusikar. Kjensla av fellesskap i tenesta som gudstenestemedarbeidar har blitt sterkare gjennom dette.

Den lokale grunnordning for gudstenestene, som vart vedteken hausten 2012, vart med små justeringar sendt til ny godkjenning i april 2015. Vi har ikkje motteke svar på dette. Vi har framleis «ein litt annleis gudsteneste» ein gong i månaden, med litt meir «moderne» lovsong, alternativ i forbøna og i Kyrie- og Glorialeddet. Denne kallar vi no for Søndagsåpent.

Dei siste 3 åra har vi slutta med å kalle ei gudsteneste for temagudsteneste, men opnar opp for at vi i einskilde gudstenester kan fordjupe oss i eit aktuelt tema og planleggje i tråd med det.

Ungdomsgudstenester er no erstatta med undervisningsopplegg 3-4 søndagar i halvåret på ordinære gudstenester.

Kyrkjelege handlingar i 2015. (Talet for 2014 i parentes)

92 (99) born blei døypte i Meland i 2015. 85 (83) blei konfirmerte hausten 2015.
23 (21) vart ektevidde i Meland kyrkje i 2015.
51 (27) vart gravlagde/bisatt frå Meland kyrkje i 2015. Då er ikkje frikyrkjelege/ ikkje-kyrkjelege gravferder rekna med.

Søndagsskulen/Løvegjengen

Våren 2015 var barnearbeider Anne Marit Fosse Dahle i fødselspermisjon og Aslaug Miljeteig var vikar i barnearbeiderstillinga. Løvegjengen har søndagsskule i løpet av gudstenesta. I 2015 hadde Løvegjengen samling om lag kvar søndag utanom i skulen sine feriar. 15 samlingar i vårsemesteret og 12 samlingar i haustsemesteret. I feriar og høgtider er det film-framvising for barna i "Løvehola". Det var berre 10 betalande barn i 2015, men det er om lag 30 medlemmer som kjem jamleg på Løvegjengen, til saman i alle tre gruppene. Ein del barn kjem berre i samband med dåp.



Bilde 4 - Løvegjengen i løvehola

Det er tre grupper i Løvegjengen. Ei frå 0 til skulealder, ei frå skulealder og oppover. Desse møtest kvar gong det er søndagsskule. Ein gong i månaden er det ei gruppe frå 4. klasse og oppover. På bålsamlingane i gapahuken er det godt oppmøte kvar gong. Vi har hatt bålsamlingar ca 3- 4 gongar kvart semester.



Bilde 5 - Gapahuken

Kyrkjekaffi: I samband med gudstenestene er det vanleg å innby til kyrkjekaffi med kaffi og kjeks i kyrkja. I samband med Søndagsåpent blir det servert kaker til kyrkjekaffien. Kyrkjekaffien har god oppslutning og det kan verke som kyrkjekaffien har blitt ein viktig møtestad for mange i kyrkjelyden.



Bilde 6 - Kyrkjekaffi

Roseprosjektet: Mange tek del i ei viktig oppgåve i kyrkjelyden ved å vere roseberarar til dei over 80. Målgruppa har auka i tal og det har ikkje vore lett å få nok roseberarar i sentrale område. Rosegåvene har fram til i år vert gitt i tilknyting til 80-årsdagar og deretter ved kvar åremålsdag frå 85 år og oppover. I år vart det på grunn av kapasitet bestemt at ein berre skulle gje til kvar halv- og heilrunde dagar etter fylte 80 år. Hilda Austegard skal frå 2016 styre tiltaket. I mangel av leiar har konsulent i kyrkja, Linda Lunga, hatt ansvaret for dette i 2015.

Andakten ved sjukeheimen (Nordgardstunet og Lerken) er eit samarbeid mellom Meland kyrkjelyd(DNK), Frekhaug Indremisjon og Pinserørsla(Betel). Norkirken har og vore med, men ikkje siste året.Takka vere samarbeidet, er det andakt kvar veke. I tillegg har soknepresten andakt på dagsenteret på Frekhaug og Vikebø omlag ein gong i månaden.

Besøkstenesta: er eit samarbeid mellom kyrkja, frivillegcentralen og Røde kors. Ressursgruppa har ganske ofte samlingar for besøkarane. Besøkarane er aktive på mange frontar utanom vanlege besøk, mellom anna med transport, innkjøp for eldre og med miljøtiltak på sjukeheimen.

Trusopplæring

Kyrkja vil ta ansvar for opplæring av barn og unge i den kristne trua. I instruksen for undervisningspresten ligg at han har hovudansvar for trusopplæring i kyrkjelyden for barn og unge mellom 0 -18 år. Trusopplæringsmidlane i stor grad gått til å løna stillingar. Barne- og ungdomsutvalet hadde 3 møter i 2015. Dei har klar ein trusopplæringsplan som skal endeleg godkjennast av biskopen. Fram til siste møte besto utvalet av undervisningsprest, ungdomsarbeidar, Jonita Næss, Frode Berven og Ingunn Reigstad (leiar). Nytt utval var ikkje på plass før årsskiftet.

Barn

Dåpssamtalar: Av omsyn til kapasitet har dåpssamtalane dei siste åra i stor grad blitt halde som dåpsmøter med fleire barn samstundes. Talet på døypte i 2015 var 93, inkludert konfirmantar og andre større born.

Småbarnstreff: Småbarnstreff/babysang er eit populært tiltak med jamt god oppslutning, og ein når langt utover dei som går fast til andre tiltak og gudstenester i kyrkjelyden. Hausten 2015 flytta Småbarnstreff frå Nordgardsløa til den «nye» Møteplassen i kyrkjekontoret sine lokale. Etter dette var det endå betre oppslutning på tiltaket.

Fireårsbok: 40 born fekk fireårsbok. Dagen før utdelinga fekk dei av fireåringane som ville tilbod om ei samling. Her møtte rundt 13 born opp.

BarneFESTkonserten var i 2015 med Ingelin R. Norheim, og Jordbærhagen. Det var om lag 160 menneske i kyrkja under konserten. Av desse var 22 med i koret, 13 femåringar som hadde fått gratisbillett i posten kom også.



Bilde 7 - Fireårsbok

Ranselbøn: 14 born kom på gudstenesta og fekk forbøn for skulestarten. Ei fin oppslutning når det berre er andre gong tiltaket vart gjennomfører.



Bilde 8 - Ranselbøn

Tårnagenthelga: var 7.-8. mars. 11 born var med, og trass i litt dårlig oppmøte vart det eit fint arrangement.

Lys Vaken: for 11-åringar vart arrangert natt til 2. søndag i advent. Det var 20 påmeld, og det vart eit veldig fint arrangement.



Bilde 9 - Frå Lys vaken

Ungdom

I 2015 var det 85 konfirmantar. Konfirmantopplegget med leir og konfirmasjon på hausten, ser ut til å fungere godt. To helger i september var det konfirmasjon i Meland kyrkje. Konfirmantane gjev jamt over god respons på opplegget.



Bilde 10 - Konfirmasjonsgudsteneste

Leiartrening: Ungdomsarbeidaren har arrangert to leiartreningskurs i 2015 i samarbeid med Idar Simonsen og Karen Uthaug. Begge kursa gjekk parallelt på hausten. Kurssamlingane bestod av deltaking på gudsteneste, ein fellesdel med måltid og fellesskap, og ein undervisningsdel. Undervisninga føregjekk i to grupper, ein spesielt retta mot fjarårskonfirmantar (1. klasse), og ein retta mot eldre ungdommar som har vore med på kurset før (2. klasse). Dei som ønskjer å vera leiar på konfirmantleir, må ha vore gjennom 1. klasse av kurset på førehand.

Søndagsskule for ungdom: Dette er eit tilbod den siste søndagen kvar månad. Ungdom frå konfirmantalder og oppover blir invitert ut på eit eige rom til samtale rundt søndagens tekstunder talen i gudstenesta. Ansvarleg for dette tilbodet er ungdomsarbeidaren i samarbeid med Jan Rantrud. Ein har også jobba med å få ungdom med i oppgåvene på gudstenestene.

Bibel-/samtalegruppe: Vi har hatt ei bibel-/samtalegruppe for ungdom kalla PULS, som samlast ein kveld annakvar veke. Ungdomsarbeidaren har hatt ansvaret for denne i lag med to frivillige medarbeidarar, Henriette Bauge og Rikke Natland. Våren 2015 var det sju deltagarar inkludert leiarane. På hausten var det to som slutta og tre ny som kom til, slik at det var til saman åtte deltagarar inkludert leiarar.

Møteplassen Ungdom: Lågterskeltilbodet for ungdom kalla «Møteplassen Ungdom» har haldt til på Nordgardsløa heile 2015. Lokalet på Nordgardsløa fungerte godt til dette tiltaket. Både våren og hausten 2014 var Møteplassen Ungdom godt besøkt. Det er flest 8.-klassingar, nokre 9.-klassingar og få 10.-klassingar som nyttar tilboden. Ungdomsarbeidaren har ansvar for tiltaket i lag med Evelyn Sylta på våren og Ingeborg Kvamme på hausten.

Yngres på Frekhaug: er eit samarbeid mellom Meland kyrkjelyd, Frekhaug indremisjon og Norkirken. Yngres har hatt god oppslutnad med 30-50 barn på samlingane. Desse samlingane er delt i to aldersgrupper. Dei har samling på bedehuset annan kvar fredag.

Anna kyrkjelydsarbeid

Misjon

Kyrkjelyden har sidan januar 2013 hatt misjonsavtale med Himalpartner, delt på to prosjekt: Fred og forsoning og sjelesorgsenteret Beteshda. Kyrkjelyden støtter arbeidet økonomisk og med forbørn.

Vi er glad for at Misjonsutvalet fekk nye medlemmer og starta opp igjen i 2015. Berit Nøst Dale er leiar, og Brigit Skeie har formidla frå misjonsprosjekta i gudstenestene så ofte han har hatt høve. Misjonsutvalet hadde to møter i 2015. Dei arrangerte ein misjonskveld på Møteplassen i november, der dei hadde informasjon om prosjektet, andakt, basar, musikk og kaker.

Diakoni

Open Møteplass: var på våren i Nordgardsløa ein dag i veka, men har frå hausten eit tilbod tre formiddagar i veka på Møteplassen på Frekhaug senter. Etter oppstart i dei nye lokala har oppslutnaden vore aukande og god. Marit Sæle står i spissen for ei ansvargruppe for Open Møteplass frå hausten.



Bilde 11 - Open møteplass

Husgruppearbeid

Det er også i år registrert ni husgrupper i kyrkjelyden. I tillegg reknar vi med to misjonsgrupper i regi av Normisjon og ei i regi av NMS. To av husgruppene er kvinnegrupper, resten er blanda. Vi skulle gjerne sett at fleire grupper kom i sving, for husgruppene er ein av dei viktigaste grunnane til at menneske finn sin faste plass i kyrkjelyden.

Bibeltimar/kyrkjeskule

Tiltaket som tidlegare heitte Bibeltimar fekk i 2015 nytt namn. Det heiter no Kyrkjeskule for vaksne. Kyrkjeskule for vaksne starta opp på Møteplassen i september 2015 med Jan Ranrud som lærar. Tema var Apostlenes gjerninger frå kap. 1 og noko om andre religionar og livssyn som vi møter i vårt fleirkulturelle samfunn; islam, Jehovas vitner og humanismen. Dette går føre seg kvar onsdag kl. 20-21. Oppmøte har vore mellom 10 og 15 personar.

Seniors

Seniors er eit samarbeidstiltak mellom Norkirken, Frekhaug indremisjon, Nordhordland folkehøgskule og Meland kyrkjelyd. Ingvard Hageberg overtok i år, etter Asle Reigstad, som styreleiar for gruppa. Tiltaket har også i 2015 hatt eit godt frammøte, gjennomsnittleg 62 på kvar samling. Seniors hadde ni samlingar i 2015, samlingane er på Nordhordland folkehøgskule. Dei møtast på dagtid til middag, foredrag og sosialt samkvem.

Internasjonal kafé og norskundervisning


Tiltaket starta opp i dei nye lokalna på Møteplassen hausten 2015. Leiari for tiltaket er Britt Torun Hitland og Berit Nøst Dale. «Norskundervisning» for arbeidsinnvandrarar og flyktningar starta i dei svært høvelige lokalna på Møteplassen i september 2015, kvar måndag frå kl.18.00-19.30. Då er det to timer med undervisning delt i grupper etter nivå. Det var fire lærarar som starta; Brit Torun Hitland, Kristin Austegard, Ingunn Mulelid og Berit Nøst Dale. Hausten 2015 hadde vi ikkje registrering av oppmøtet sidan dette ikkje er noko obligatorisk eller noko dei betaler for. Det varierte mellom 6- 12 elever på ein kveld. Før inndeling i grupper, er det ein felles start med eit ord frå Bibelen og noko som er «typisk norsk».

Etter undervisninga er det «internasjonal kafé», kl. 19.30-21.00, der dei held fram å snakke norsk, men det er meir ope, og alle er samla i det store rommet. Her kjem ei ny gruppe; dei som ikkje vil ha meir «skule», men norske å snakke med, få kontaktar osv. Det har vore ein god gjeng frå kyrkjelyden som har komme og bidrege på ein svært god måte. Tiltaket treng likevel fleire unge vaksne som kan være med på kafeen. Kaffi, te, vatn og diverse kjeks, kaker og frukt har blitt servert gratis. Dei har ein aktivitet med litt samfunnskunnskap; som oftast ein quiz. Det har vore vellykka til no. Mange av dei som har vore på norskundervisninga, går heim før kafeen startar.



Bilde 12 - Norskundervisning på Møteplassen

Musikklivet i kyrkjelyden



Bilde 13 - Salmeboka

Forsongarar, solistar, kor, korps og band teke del ved gudstenester og konsertar. Inn i dette vil vi særskilt nemne kora Octavia og Felix Vocalis.

I 2015 vart musikkutvalet oppnemnd av soknerådet. Utvalet har følgjande medlemmer; Geir Dahle, Sissel Vangen, Andreas Westermoen og Trond Fykse. Det overordna målet utvalet skal arbeide for er at: Musikken i kyrkjelyden generelt og i gudstenesta skal være inspirerande, engasjerande og samlande. Utvalet har hatt møte og er konstituert.

På slutten av året vedtok soknerådet å kjøpe nytt piano til kyrkja. Det er eit konserthalver av merket August Førster Modellen heiter 134k og vil bli levert til jubileumsåret i 2016. Prosjektet ; " Grand Piano til Grand Jubileum" er såleis i god rute, men pianoet er framleis ikkje fullfinansiert med gåver.



Bilde 14 - Felix

Informasjonsarbeid

Kyrkjelydsbladet Kontakt kom ut fire gonger i 2015 og er eit viktig bidrag i kyrkjelyden sitt informasjonsarbeid. Redaktør er Harald Wiig Andersen.

Heimesida www.melandkyrkja.no vert drifta av staben. Nettsida til Meland kyrkje vart på slutten av året fonna. Kyrkjeverja sender også ut eit nyheitsbrev kvar veke kalla "Vekenytt" på e-post til dei som ønskjer det. Meland kyrkjelyd har også si eiga facebookside.

Gjevartenesta

Den faste gjevartenesta i kyrkjelyden har stige jamt frå kr. 142 000 i 2010 til kr. 323 350 i 2015. Dette er gledeleg, og ein vil halde fram med å stimulere til auka gjevarglede. Vi har ein gjevartenestekomite i kyrkjelyden som arbeider for å halde fokus på dette viktige arbeidet.

Samarbeid

I 2015 hadde vi ei felles gudsteneste med Frekhaug Indremisjon og Normisjon. Elles var Meland kyrkjelyd med som arrangør av einskapsfest saman med andre lokale forsamlingar i området.

Samarbeidet med organisasjonane sitt barnearbeid og ungdomsarbeid er avgjerande for at vi skal nå flest mogeleg med kristen opplæring. Kyrkjelyden ønskjer å arbeide for eit nærrare og meir organisert samarbeid knytta til barne- og ungdomsarbeidet i tida framover. Samarbeidet med kommunen er også godt.

Takk!

Soknerådet takkar alle frivillige medarbeidarar som har gjort ein stor og verdfull innsats for kyrkjelyden vår i 2015. Utan deira innsats hadde mykje av arbeidet i kyrkjelyden ikkje gitt dei positive resultat vi no kan vise til. Soknerådet takkar staben i Meland kyrkje for flott innsats i 2015. Vi vonar Gud har store planar for 2016 og vi har store forventningar!

